

**henny kristin sjøthun <asperanden@hotmail.com>**

7. okt.  
2020,  
12:40

til meg, Arnstein

Takk for tilbakemelding

Me i Arbeidarpartiet kom med spørsmål knytt til sak 85/2020, handsama i Sogndal kommunestyre 10.09.2020, i e-post til ordføraren 25. september 2020.

Me opplever ikkje å ha fått svar på våre sentrale spørsmål i saka knytt til EØS sitt regelverk om bagatellmessig støtte i svaret me fekk frå ordføraren 29. september 2020.

I Kommissjonens forordning nr. 1407/2013 (Forordningen) som er gjort til norsk lov gjennom forskrift av 14.11.2008 nr. 1213 § 2. vert det vist til at dersom ein kommune til dømes ynskjer å gje bagatellmessig støtte til eit bestemt føretak i form av sal av tomt til under marknadspris, må kommunen med sikkerheit berekna støttebeløpet på førehand. Det vert skildra korleis kommunen skal komma fram til støttebeløpet ved å sjå på differansen mellom salspris og ein på førehand fastsett marknadspris.

Svar frå kommunen: Slik vi vurderer det forhold kommunen seg i avtalen ikkje til nokon kjøpar/utbyggjar som er i konkurransesituasjon med andre, men til eigar av arealet. Avtalen sine partar er kommunen som leigetakar og grunneigar av eigedommen.

Slik me ser det vert det her inngått ein avtale inngått med føresetnad om at det inngår ein namngitt ny eigar eller eit selskap denne «eigaren» peikar ut. Den andre parten i avtalen er såleis ein eventuell «framtidig eigar» av arealet og vil såleis vera begunstiga av den eventuelle verdien denne festeavtalen eller oppløysinga av denne har.

Svar frå kommunen: Slik vi vurderer det gjev ikkje kommunen frå seg nokre verdjar eller gjev nokon form for støtte, men seier frå seg ein rett til å leige og eventuelt seinare å erverve/kjøpe desse verdiane (areala) til marknadspris.

Me har ikkje fått svar på kva verdi Sogndal kommune gir frå seg, med tanke på at det føreligg ei gyldig festeavtale fram til år 2059 med moglegheit for innløyising for festar (kommunen) frå år 2029. Slik me les svaret vurderer administrasjonen at festeavtalen kun har representert ei årleg utgift med tanke på festeavgift og ein moglegheit til å kjøpa ut arealet til marknadspris. Betyr dette at ordføraren/administrasjonen legg til grunn at festeavtalen ikkje har ein verdi i seg sjølv?

Svar frå kommunen: Slik vi vurderer det ivaretek avtalen kommunen sine interesser, både økonomiske og arealbruksmessige, på ein god måte.

Me er gjort kjent med at det føreligg tidlegare korrespondanse mellom gamle Sogndal kommune og potensielle utbyggjarar knytt til dette arealet tidlegare og at det har vore andre interessentar i kontakt med kommunen med det føremål å få kjøpa ut festeavtalen. Me vil be om å få oversyn over denne korrespondansen og konklusjonane knytt til saka.

Me ber på bakgrunn av dette om at kontrollutvalet ser nærare på saka.

Helsing  
Henny-Kristin Asperanden Navarsete

Last ned [Outlook for iOS](#)

---

**Fra:** Richard Nesheim (NO) <[richard.nesheim@pwc.com](mailto:richard.nesheim@pwc.com)>

**Sendt:** mandag, oktober 5, 2020 9:59 am

**Til:** henny kristin sjøthun

**Emne:** Tilbakemelding frå kontrollutvalet

Hei,

Eg viser til brev frå gruppeleiar i Arbeidarpartiet til ordføraren i Sogndal med spørsmål til sak 85/20 i kommunestyret. Kontrollutvalet fekk skrivet utsendt før møtet i kontrollutvalet 29.9.

Ordførar Arnstein Menes la i møtet på vegne av administrasjonen fram eit notat frå administrasjonen med svar på spørsmål frå gruppeleiar i Arbeidarpartiet knytt til vedtak i sak 85/2020. Dette notatet skal og vere sendt til deg.

Kontrollutvalet drøfta saka og gjorde slikt vedtak:

**Vedtak i sak 14:**

**Kontrollutvalet viser til skriv sendt frå gruppeleiar i arbeiderpartiet, til ordføraren, som vart motteke fredag 25.9. I skrivet vart det stilt spørsmål til saksutgreiinga knytt til sak 85/20 i kommunestyret. Det var og bedt om at kontrollutvalet såg nærare på saka. Kontrollutvalet har i møtet fått ei nærare orientering frå ordføraren knytt til grunnlaget for saka. Kontrollutvalet tek denne orienteringa til vitande. Kontrollutvalet er kjent med at ordførar og har sendt denne orienteringa til gruppeleiar i Arbeiderpartiet. Kontrollutvalet ber sekretæren sende tilbakemelding til Arbeiderpartiet med spørsmål om dei seier seg nøgd med denne orienteringa eller om dei framleis meiner kontrollutvalet skal sjå nærare på saka.**

Med bakgrunn i dette vedtaket ber eg difor om tilbakemelding på om de er nøgd med det svaret som administrasjonen har gitt - eller om de framleis ynskjer at kontrollutvalet skal sjå nærare på saka.

med venleg helsing

**Richard Nesheim**  
sekretær kontrollutvalet